



Frækhaug Helsebygg As  
Postboks 6134  
5892 Bergen

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/7096 - 23/53649

Saksbehandlar:  
Anngunn Marie Gullbrå  
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:  
27.06.2023

## **Adressetildeling/ endring Havnevegen 1,3,7 GBNR 324/24 Langeland**

**Administrativt vedtak: Saknr: 689/23**

### **VEDTAK:**

Med heimel i Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21 og tilhøyrande forskrift kap.12, og felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen, har Alver kommune gjort følgjande adressedeling:

<b>Gbnr/snr</b>	<b>Brukseining</b>	<b>Tildelt adresse/husnr.</b>
324/24/ 23	H0201 ( Utputst Yoga)	Havnevegen 1 H0201
324/24/ 24	H0202 ( Spinell frisør)	Havnevegen 1 H0202
324/24/ 2	H0203 ( Frækhaug helsebygg)	Havnevegen 1 H0203
324/24/ 17	H0204 ( Frækhaug helsebygg)	Havnevegen 1 H0204
324/24/ 1	H0101 ( Frækhaug helsebygg)	Havnevegen 1 H0101

**Vedlagt matrikkelrapport for bygget viser samtlige brukseiningar i bygget- før og etter endringa.**

**Kommunen har registrert vedtaket i det nasjonale adresseregisteret Matrikkelen.**

### **Saka gjeld**

I samband med gjennomgang av adresser/ tildeling av atkomstpunkt til adresser, vart det oppdaga ei ulogisk og manglande adressedeling for det kombinerte forretnings-/ bustadbygget på eigedommen 324/24.

**Dette vedtaket er sendt til dykk som eig seksjonane, og me ber dykk formidla rett adresse til aktuelle leigetakarar.**

## Vurdering

Tildeling av adresse er i tråd med retningslinjer for adressetildeling og adresse vert difor tildelt. Vegen som eigedommen har tilkomst frå har adressenavnet Havnevegen.

Dei fleste brukseiningane i H02 hadde ikkje tildelt offisiell adresse, men hadde tatt i bruk adressa Havnevegen 3. Mellom anna snr 23 (Utpust Yoga) og snr 24 (Spinell Frisør) brukte adressa Havnevegen 3, medan dei har naturleg inngang frå Havnevegen 1. Alle leiligheitene i 3 etasje ( H03) har husnummer 3.


Dei som står i vedtaket over er tildelt husnummer 1 og brukseiningnummer til einingar som har tilkomst via hovudinngangen ( gamle Rema inngangen). Dei andre lokala i 2 etasjen i lang korridor/ på andre sida av delevegg/dør har adressa Havnevegen 3 som før.

Heile H01 tilhøyrrer eigarseksjon nr 1. Her er det ikkje registrert fleire brukseiningar ( ulike utleigelokaler) . De er velkomen til å koma med ei tilbakemelding med ynskje om å registrera slike.

Husnummer 5 og 7 er ledige til disposisjon til dette bygget ( nr 5 er ikkje registrert). Det må vurderast om det er ynskjeleg å nytte husnummer 5 til inngangen mot Fylkesvegen ( der Blomebutikken er ). Husnummer 7 er også ledig, og kan brukast på ein inngang i dette bygget, dersom det er ynskjeleg for å gjera det lettare å finna fram i bygget. Me ber om ei tilbakemelding på dette.

Offentlege etatar hentar opplysningar om adresseendringa frå matrikkelen. Eventuelle private kontaktar må de melda adresseendringa til sjølv.

Adressa viser også på kartutsnitt under.



Eigar er ansvarleg for å merke adressa med godkjendt husnummer-skilt med svarte tal på reflekterande botn ( sjå døme) og i nokre tilfeller også eventuelt nødvendig tilvisings-skilt.



Du finn meir informasjon om slike skilt på kartverket sine nettsider:

<https://www.kartverket.no/eiendom/adressering/skilting-av-adresser>

### Regelverk

- Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21
- Forskrift om eigedomsregistrering ( matrikkelforskrifta) Kap. 12.
- Felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/7096

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland  
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Vedlegg:

324-24-før endring  
324-24-etter endring

### Mottakarar:

Frekhaug Helsebygg As  
Helsenaustet Eiendom As

Postboks 6134  
Havnevegen

5892 Bergen  
5918 Frekhaug

